

# Ulvik Cittaslow



## Referat Cittaslowrådsmøte nr. 5-18

**Tid:** Mandag, 18.6.2018, kl. 18:00-20.00

**Varighet:** 2t

**Stad:** Kantina, Tenestetorget

### Tilstade:

Ingrid Prestegard

Geir Neteland

Stein Olav Kolaas

Ingvild Sygnestveit Breien

Jorid Lekve Eide

Jardar Vikør

Natalia Golis

### Saksliste:

#### 37/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden og referat (V)

Referatet sendes ut etter møte og så ut på heimesida, det er likevel naudsynt å godkjenne referatet formelt kvart møte. Det ble godkjent to referat.

**Vedtak:** Godkjent

#### 38/18 Oktobertorget 2018

Drøfting i rådet.

- Ønskje om at rådet skal aktivt bidra inn til organisering og bidra sterkare.
- Slow Food skal være med som i fjor.
- Drøfta eiga Cittaslow telt/bod med lokale handverk/lokalmat- også med deltaking frå dei andre nordiske Cittaslow kommunar
- Heliumballong forbud: Ønskja fremja opp som eiga politisk sak.
- Drøfta fordelar og ulempar ved at Siderfestivalen er samstundes i Kvam. Dei i Kvam har signalisert mogleg flytting av dato til neste år. Meier samarbeid?
- Ønskje om fleire bodar og stands på torget med lokalmat/ handverk.

#### Program innspel frå rådet:

Barneaktiviteter:

- Hilde Jordal- papirbretting
- Bønner/ linser limes i snigle-mal i Cittaslow teltet
- Kultursti og/eller Quiz- løype rundt i sentrum- der dei skal gå rundt og finne merker- og her bør man skaffe Cittaslow stempel og premier. Rådet vil be Ungdomsrådet/ 9.kl. om dei vil ta utfordringa ved å lage Quiz og ta ansvar for gjennomføring.

Program innspel:

- Undersøkje om det er aktuelt med visning av «Nøringen»- Kulturprosjekt for dei minste
- Sportfiskerlaget – gåtur opp langs elva- dette vil være retta mot barn og familier?
- Lokalhistorie- vandring opp til krigsminner. Kontakte Sogelaget
- Kinovisning laurdagen – retta mot barn 6-15 år
- Voksen quiz- med enkel musikk- kan vere på Brakanes. Pub?
- Kultur/ Musikk: Snakk med Erlend Styve om mogleg innslag frå Kulturskulen. Brakanes har eit innslag på kvelden på Brakanes.
- Få IHM til å ha stand om kompostering/ matsvinn/ avfallhandtering

**Vedtak:**

- Behov for planleggingsmøte FØR sommaren for å sikre framgang/ avklaringar . Natalia følger opp.
- Understreke behovet om å lage invitasjon til lokaleprodusenter/ aktørar i heile regionen/fylket så snart som råd.
- Cittaslowrådet tek ansvar for ein aktivitet.

### **39/18 Sertifisering av nye verksemdar 2018**

Det har til nå blitt registrert inn til heradet 4 søknader til å bli Cittaslow sertifisert.

Det arrangerast synfaring tidlig august .

På Oktobertorget skal det deles ut plakett og diplom til dei som er godkjent. Denne blir utforma etter design frå brosjyren til Cittaslow Ulvik og Cittaslow International sin designmal.

Betilling til Bodoni:

- Plakett: Bør lages av ver bestandig materiell.
- Klistremerker: Skal kunne festast på innsida av vindauger med logo som vises ut. Med snigel og tekst: **Godkjent Cittaslow Verksemd**
- Diplom

**Vedtak:**

- 1. Synfaring:** Det blir gjort synfaring før møte i august. Det blir oversendt evaluering til rådet til godkjenning.
- 2. Materiell:** Møte i 27 august skal dette være ferdig for å legge frem til rådet til godkjenning- diplom/ plakett og klistremerke.
- 3. Nytt invitasjon** blir sendt ut til alle aktørar og til alle næringsdrivande. Satsar på å kunne sertifisere minst 5. Frist til 1. august.

### **40/18 Orientering/ Drøfting**

#### **1. Oppfølging av fokus på plast/avfall/matsvinn:**

- IHM - sommarjobb? Spørre de om dette er noko dei kan tilby?

- Temakveld: Cittaslowrådet inviterer inn til temakveld midt i september. Dette er ei ope infomøte med eit program med fokus på at vi må kast mindre- kast smart.
  - Forslag innleiarar:
    - i. #spisoppmaten. Mette Nygård Havre kontaktast og spørres om å komme til Ulvik i September.
    - ii. Undeland Gard
    - iii. IHM
    - iv. Spørja Arne Haukeland med fokus på hagevandring og kompostering
2. **Ny strategisk Nærings- og utviklingsplan Ulvik:** Det er ønskje at rådet skal være ein høyringsinstans for utkast til plan utover hausten. Fråsegn blir då basert på kriteria. Heradet vil varsle rådet når det kommer en frist- og vil halde rådet løypande oppdatert.
  3. Revisjon av **innkjøpsreglement** er lagt på vent.
  4. Oppstart **revisjon av retningslinjer for sal på torgplass-** plassering av torgplassen i Ulvik blei drøfta.
  5. Hagebruksbygda- bør ha ein plan for **bruk av elva som vatnings kilde.** Det var pumpesystema som svikta i Ulvik i den varme perioden- ikkje mangel på vatn.
  6. Informasjon om ny oppretta **«beplantningskomité» for sentrum** i bygda som skal saman med næringslivet sjå på korelis Ulvik best kan framstå med ein fasade som er representativ, presentabel, og den vakre bygda vår verdig. Turistbygda, frukt- og siderbygda og gartnarskulebygda Ulvik skal ha fokus på dette. Heradet sett no ned ein komité til å planlegge og få framdrift kring dette. Oppstart før sommaren.

## 41/18 Neste møte

Nr.6: Måndag 27. august 19-21

Nr.7: Måndag 24 september kl. 19-21

Nr.8: Måndag 5. november

Nr. 9 Desember

## 42/18 Ymse

Representant frå Barnehagen må meldes inn.

Etterspør om Idrottslaget kunne tenkje seg å vere med i rådet- og dette må vere avklart i god tid før sakspapira går ut for valsak.